

DNS DEN
NATIONALE
SCENE



*DEN VESLE
PRINSEN*




KJÆRE PUBLIKUM

Kva er vitsen med å eige alle stjernene på himmelen, med å vere eineherskar på ein folketom planet, med å leve for beundringa frå andre? Kva med alt det vi ikkje kan sjå, måle, telje – kva med alt det vi har inni oss?

«Den vesle prinsen» av Antoine de Saint-Exupéry stiller spørsmål ved både små og store ting i livet. Og syner oss kor viktig det er å ta ansvar for dei ein er glad i. Det er ei forteljing for barn, men også for barna dei vaksne ein gong var.

Husregissør Annika Silkeberg og hennar team har laga ein ny sceneversjon av den høgt elska barnebokklassikeren, basert på Jon Fosse sin omsetting. Eg håpar og trur at framsyninga vil vekke både undring og glede i salen.



Stefan Larsson
Teatersjef






PÅ SCENEN




Kamilla Grønli Hartvig
Prinsen



Eirik del Barco Soleglad
Piloten / Ein blom






Thomas Bipin Olsen
Kongen / Drankaren /
Lyktemannen / Ein blom



Kristoffer Sagmo Aalberg
Den Forfengelige /
Le Businessmann /
Geografen / Ein blom



Ameli Isungset Agbota
Rosa / Reven / Slangen



FARGELEGG DEN VESLE PRINSEN







KVA ER HEMMELIGHEITA?

Veit ein nokon gong kva ei hemmelegheit er? Ei hemmelegheit er kanskje ikkje ei hemmelegheit om ho kan bli forklart.

Ei hemmelegheit må du nok oppleve. Eit glas vatn, kva er det? I vår tid kan eit glas reint vatn vere skilnaden mellom liv og død.

I arbeidet med «Den vesle prinsen», har det vore ei stor glede å komme tett på mennesket Antoine de Saint-Exupéry. Denne flygaren og poeten som levde i krigsår. Barn under den første verdskrigen, vaksen under den andre. Og akkurat som Prinsen i hans eiga historie, forsvann han sporlaust frå radaren ein dag, i «tysk» luftrom. Det vil seie over eige okkupert land sommaren 1944. Og først ein sommardag omtrent 60 år seinare vart flyet hans funne og gav svaret om at: ja han vart nok ganske sikkert skote ned av okkupantane. Kroppen hans er enno like borte vekk som Prinsen sin.

Då Antoine de Saint-Exupéry forsvann hadde han vore gift med Consuelo Suncín i 14 år. Og mange, ho sjølv inkludert, meiner at ho er modell for den vakre, vedunderlege, vanskelege Blomen som en dag veks opp på Prinsen sin planet, Asteroide B 612.

Ein komplisert kjærleik. Ei komplisert tid å være elskande i. Det er ikkje alltid lett å ta vare på det ein har aller kjærast.

Planetfolka som Prinsen møter på sin veg mot jorda kan bli sett som litt forskrudde, vrine, satiriske bilde av menneske som på ulikt sett er fastlåst i si eiga tilvære. Menneske som ikkje heilt kan finne ut av korleis eksistere i den moderne verda, i notida si hastighet.

Antoine de Saint-Exupéry gjorde seg mange tankar om verda og livet, og formulerte dei med stor kraft og poesi. «Le petit Prince» er etter Bibelen og Koranen den mest omsette og mest leste boken i verden. Den teller over 300 ulike språk og dialektar, og vår dramatisering spring ut av den nynorske omsettinga til Jon Fosse.

I'm neither young nor old. I'm midway between the two. I'm something being formed. I'm an aging process – a rose that has nothing sprouting forth, but just opens and blows. That is a pedagogical explanation, an analysis that kills the

rose. A rose isn't a succession of stages. A rose is a faintly melancholy celebration. I know exactly what I mean, but I will have to think in order to make myself clear.

I'm a rotten machine, I need unknown foods. I'm crying out for help. I need so much to be enlightened. Enlighten me. What should one do in order not to die and in order to bear fruit. Where am I? I'm drunk with goodwill – and like an orange tree I reach down into the soil. But an orange tree isn't very mobile. It's hard to change soils. I only have my dowsers' instinct. I only know when I'm on the spot, but I never know where to go. I'm a very clumsy tree.

Sitata er henta frå boka Wartime Writings 1939-1944 av Antoine de Saint-Exupéry



Som flygar på første halvdel av 1900-tallet kunne ein oppleve mange uhell. Flya var langt frå stabile. Historia om Prinsen har mykje likt med Antoine de Saint-Exupéry si krasjlanding i Sahara nyttåret 1935/36. Om tørsten og vandringa i ørkenen. Der han, eller fantasien hans, møtte den vesle prinsen.

Annika Silkeberg,
regissør





DEN VESLE PRINSEN

av

Antoine de Saint-Exupéry

Omsett av Jon Fosse

Regi og dramatisering:

Annika Silkeberg

Scenografi og kostymedesign:

Rebekka Bentzen

Musikk og videodesign:

Fredrik Arsæus Nauckhoff

Lysdesign:

Anne E. Bergendahl

Dramaturg:

Idun Vik

Inspisient:

Kjell Arve Vorland

Kostymeansvarleg:

Gjertrud Solttun

Maskør:

Tonje Mari Ingvaldsen

Sceneteknisk ansvarleg:

Rune Hovde

Lysmeister:

Rune Kjelby

Lydteknikkar:

Rune Bjørøy

Rekvisittmakar:

Signe Dalsgaard

Rekvisitør:

Magnus Holm, Sissel Hamre

Videoansvarleg:

Einar Bjarkø

Konstruktør:

Rune Klungland

Sangpedagog:

Daniel Norum

Påkleder:

Simen Mustvedt

Sufflør:

Britney Elise Sudmann-Mack

Voice over:

Alma Bergsvåg Vik

Premiere 9. februar 2023, Store Scene

Varar ca. 1 time og 45 minutter (inkl. pause)



Fordeler hele livet

Som OBOS-medlem stiller du foran i køen den dagen du skal kjøpe egen bolig.
Du får også en rekke andre fordeler alle de årene du ikke benytter deg av forkjøpsretten.

- Inntil 50% rabatt på bolig- og kulturtilbud
- Svært gode betingelser på lån, sparing og forsikring
- Forkjøpsrett på ca 90.000 nye og brukte OBOS-boliger

Les mer på obos.no/blimedlem



